



Tilstandsrapport barnevern 2025- 2026

Saksbehandlar:
Marianne Lunder Kjelby

Arkivsaksnr.:
25/23175

JournalpostID:
26/77273

Saksnr:	Utval:	Dato:
51/2026	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	28.08.2026
44/2026	Bjørnafjorden ungdomsråd	28.08.2026
40/2026	Tenesteutvalet	01.09.2026
94/2026	Bjørnafjorden formannskap	03.09.2026
80/2026	Bjørnafjorden kommunestyre	17.09.2026

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Kommunestyret tek tilstandsrapport for Bjørnafjorden barnevernsteneste for 2025-26 til etterretning.

Bjørnafjorden, den 12.08.2026

Arild McClellan Steine
Kommunedirektør

Behandling og vedtak/uttale i følgjande utval:
RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE 28.08.2026

Tilleggsforslag:

Uttale frå RMNF, foreslått av Eirik André Hesthamar, Fremskrittspartiet

Rådet tek tilstandsrapporten til orientering. Rådet deler fleire av bekymringane som er tatt opp i rapporten knytt til ungdom med psykisk uhelse og funksjonsvariasjoner, samt "slitne foresatte" som treng avlastning, og ber kommunen fortsatt styrka samarbeidet på tvers av alle deler av organisasjonane som jobbar inn mot barn og ungdom i kommunen. Ei slik styrking vil gjera mykje for alle involverte i det lange løp.

Behandling:

Einingsleiar Marianne L. Kjelby orienterte og svarte på spørsmål i saka.

Votering:

Alternativ felles forslag til vedtak fremma av Eirik André Hesthamar, Frp blei einstemmig vedtatt.

Møte blei mellombels heva kl. 10:49

Vedtak:

Rådet tek tilstandsrapporten til orientering. Rådet deler fleire av bekymringane som er tatt opp i rapporten knytt til ungdom med psykisk uhelse og funksjonsvariasjoner, samt "slitne foresatte" som treng avlastning, og ber kommunen fortsatt styrka samarbeidet på tvers av alle deler av organisasjonane som jobbar inn mot barn og ungdom i kommunen. Ei slik styrking vil gjera mykje for alle involverte i det lange løp.

Samandrag:

Det er ei lovpålagt oppgåve at barneverntenesta årleg skal levere tilstandsrapport til kommunestyret. Rapporten byggjer på rettleiar og mal frå Bufdir. Målet er at den politiske leiinga skal få kunnskap om tilstanden i eigen barnevernsteneste.

Økonomi: Dette er ei vurdering av tilstanden og har ikkje konkrete økonomiske konsekvensar. I rapporten kjem det fram økonomiske utfordringar i barneverntenesta knytt til omfanget av tiltak i heimen for å unngå flytting ut av heimen. Rapporten visar til oppvekstreformen og ein ønska dreining mot fleire og meir omfattande tiltak i kommunen for å jobbe meir førebyggjande og hindre flytting av barn.

Folkehelse: Eit godt barnevern bidrar til betre folkehelse. Eit barnevern som deltek og bidrar i samarbeid med andre instansar som jobber med barn og unge bidreg til rett hjelp til rett tid, noko som igjen gir betre folkehelse.

Saksutgreiing:

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Bjørnafjorden barnevernteneste legg fram tilstandsrapport for hausten 2025 - og våren 2026.

Utarbeiding av tilstandsrapport er ei lovpålagd oppgåve. Målet med rapporten er å gje øvste politiske og administrative leiing i kommunen betre innsikt i barneverntenesta. Det vil gi betre kontroll med tenestetilbodet og kva prioriteringar ein vil gjere innafor tenester til sårbare barn og unge i vår kommune.

Kommunen si øvste politiske og administrative leiing har det overordna ansvaret for at barneverntenesta arbeider i tråd med gjeldande regelverk og at tilbodet tenesta gir er forsvarleg. Kommunen har ansvar for styringa av barnevernet og for å ha systematisk kontroll som sikrar at den kommunale barnevernstenesta utfører sitt arbeid i tråd med regelverk. Dette for å sikre at barn og familiar får den hjelpa dei har behov for. Både kommunelova og barnevernlova har bestemmelser som skal sikre dette. Kjenneteikn på kommunar som arbeidar systematisk med fagleg utvikling av barnevernet og samordning av tenestetilbodet til barn og unge er at den politiske og administrative leiinga er tett på arbeidet for å få kunnskap og kjennskap til kvaliteten i tenesta.

Tilstandsrapporten presenterer og vurderer nøkkeltal, måloppnåing, sentrale føringar og utviklingstrekk over tid på barnevernsfeltet og i eigen kommune. Rapporten skal gi politikarar, tilsette og innbyggjarane innsikt i korleis barneverntenesta i Bjørnafjorden kommune er organisert, kva krav som er sett til barneverntenesta og korleis barneverntenesta arbeidar og oppfyller desse krava. Tilstandsrapporten visar og korleis ein arbeider med barnevern- og oppvekstreforma for å styrke tenester til barn og unge i kommunen.

Vurdering:

Tilstandsrapporten gir eit samla bilete av barneverntenesta i Bjørnafjorden. Det er lagt vekt på å vise verdigrunnlag, kompetanse og organisering/ressursar og peike på utfordringar. Tilstandsrapporten gir eit kunnskapsgrunnlag som politikarane i vår kommune kan nytta i sine vurderingar og prioriteringar.